

Vedlegg 1:

Utdrag fra sak 7/24-5 «Faggrupper og fagansvarlege i JUS399 Masteroppgåve»

Nærmare om faggruppene og den fagansvarlege si rolle

Tal og innretning på faggruppene

Den uttalte ambisjonen om at det skal jobbast vidare mot heilårslinjer på 5. studieår, inviterer til å sjå nærmare på faggruppene sin posisjon i landskapet, om dei i det heile skal vidareførast i noko som liknar dagens ordning og så fall både tal og innretning på faggruppene. Desse vurderingane ligg eit stykke fram i tid og på eit nivå over JUS399. Dagens struktur vil uansett vare ved ei stund framover.

Eg nyttar elles høvet til å orientere om at «Rettsstat» og «Folkerett og menneskerettar», etter alt å dømmе blir slått saman til «Statsrett, folkerett og menneskerettar» med verknad f.o.m. H2025. Dette skjer etter ønske frå dei fagansvarlege, og Eirik Holmøyvik vil ha fagansvaret for den nye gruppa. I tillegg endrar faggruppa «Nasjonal og internasjonal naturressurs-, miljø- og energirett» namn til «Klima-, energi- og miljørett», mens «Alminnelig og spesiell kontraktsrett» endrar namn til «Avtalerett og obligasjonsrett». Også desse endringane er etter ønske frå dei fagansvarlege.

Samandrag av samtalar med 14 fagansvarlege

Hovudinstrykket er at dei fagansvarlege har nokolunde samsvarande oppfatningar av kva for arbeidsoppgåver følgjer med rolla kvart semester. Desse kan oppsummerast slik:

- Fagmøte
- Bidra til å skaffe rettleiarar
- Bidra til å skaffe/føreslå sensorar
- Vedlikehalde emnebanken
- Oppfølging av interesserte studentar

Det er samtidig ein viss variasjon i forståinga av kva som meir konkret blir forventa, og korleis den einskilde utfører oppgåvene. Til dømes varierer det kor langt den fagansvarlege strekker seg for å skaffe rettleiar til alle påmeldte oppgåver. Det er også uttrykt ulike oppfatningar av kva som er den fagansvarlege si rolle i arbeidet med å skaffe sensorar. Vidare kan fagmøta arte seg ganske ulikt. Alle eg har snakka med legg opp til spørsmål frå studentane, men graden av «førelesing» og innhaldet i det som blir presentert, varierer. Noko av denne ulikskapen heng naturleg saman med karakteren til det aktuelle fagområdet, under dette om ein opererer godt innanfor nedslagsfeltet til dei obligatoriske emna, eller om det er behov for å gi ein meir generell presentasjon av fagområdet. Likeins vil talet på studentar påverke opplegget. Er det svært få som møter, kan fagmøtet arte seg om lag som eit kollokvium. Somme har elles lagt vekt på at emnebanken skal vere rikhaldig og oppdatert, mens andre har tatt ei medviten avgjerd om ikkje å yte ein slik service.

Studentoppmøtet på fagmøta er opplyst å vere svært varierande, frå 2-3 personar til 30-40. Mens somme opplever at det stort sett er færre på møtet enn på lista over påmeldte i gruppa, har andre motsett erfaring. Talet på påmeldte studentar i den einskilde gruppa varierer også. Små grupper har gjerne rundt 5 studentar (tidvis færre), mens den største kan ha rundt 30. I den grad vi kan operere med eit «normaltal» på påmeldte, synest dette å vere ca. 10. Fleire fagansvarlege har gitt uttrykk for at fag seint på studiet, og då særleg strafferett og straffeprosess, tiltrekkjer seg uforholdsmessig mange studentar. Det er framheva som uheldig at fag som er plassert tidleg på studiet, ser ut til å bli litt gløymt når studentane skal velje tema for masteroppgåva.

Også den opplevde arbeidsbelastninga ved rolla som fagansvarleg, synest å variere. Fleire har uttalt at dei meiner oppgåvene er «meir enn overkommelege». Andre fortel at dei mottar svært mange førespurnader om individuell rådgiving knytt til val av tema og problemstilling, også frå studentar som ber om innspel utan sjølv å legge fram idear. Dette blir skildra som forstyrrende og tidkrevjande å følgje opp. På denne bakgrunnen har fleire av dei fagansvarlege fått spørsmål om det kan vere føremålstenleg å innføre fast «treffetid», fast «svarveke» eller andre grep som kan bidra til å styre straumen av studentførespurnader. Somme har meint at dette moglegvis kan fungere, mens andre har stilt seg avvisande til tanken. Dei fagansvarlege er samstemte om at det er den individuelle rådgivinga som samla sett tar mest tid.

Dei fagansvarlege er spurt om korleis dei vil stille seg til det å avvike emnebanken, gjennomføre fagmøta tidlegare i semesteret og gi fagmøta betre marknadsføring. Desse forslaga bygger på at mange studentar kjem for seint i gong med å førebu skrivesemesteret, og at førearbeidet ofte framstår halvhjarta. Per i dag inneheld den samla emnebanken ei rekkje problemstillingar som er tilstrekkeleg avgrensa og presist formulerte til at dei kan «plukkast frå menyen». I så måte fungerer emnebanken som ei lettvinnt løysing og (dermed) ei kvilepute. Det å tilby ein meny med ferdig formulerte problemstillingar, er også i dårleg samsvar med læringsmåla for JUS399, som fastslår at studenten sjølv skal vere i stand til å *identifisere* og *utforme* ei rettsleg problemstilling. Til dette kjem at fagmøta, særleg om hausten, kjem ganske tett på påmeldingsfristen. Hausten 2023 var det berre to veker mellom siste fagmøte og påmelding. Dette gir lite tid til refleksjon, kartlegging av rettskjeldebiletet og arbeid med problemformulering før prosjektskissa (med eit bindande val av faggruppe) skal inn.¹

Mange av dei fagansvarlege såg det som ønskjeleg at fakultetet (eller den emneansvarlege) jobba meir aktivt med å promotere fagmøta, og ingen var prinsipielt negative til å framskynde tidspunktet for gjennomføring. Det blei samtidig uttrykt bekymring for at ein lengre tidsperiode mellom fagmøte og påmeldingsfrist, ville medføre eit enda større trykk frå studentar som ønska individuell rådgiving.

Når det gjeld emnebanken, var nesten alle udelt positive til å luke ut innslaga av «ferdige» problemstillingar veleigna for ei masteroppgåve. Ein reservasjon blei likevel gjort for tilfelle der ein ønskjer å rekruttere masterstudentar til bestemte (eksternfinansierte) prosjekt. Eit stort fleirtal var også samde i at dagens emnebank bør erstattast av ein *presentasjon* av fagfeltet, eit utval interessante eller særleg aktuelle *problemområde*, og gjerne nokre *døme* på tema og problemstillingar som er skrive om i tidlegare masteroppgåver. Men det blei også gitt uttrykk for sterk motvilje mot ei slik omlegging, med tilvising til at dette vil føre med seg ei uoverkommeleg mengd studentførespurnader og ei enda sterkare opphoping av studentar som skriv om det same temaet. Til den siste bekymringa, blei det peika på at emnebanken viser breidda i fagområdet og bidrar såleis til å fordele studentane utover.

Behov for skriftleg rolleskildring

Eit par av dei fagansvarlege gav uttrykk for at dei var usikre på kva som blei forventa av dei. I tillegg viste samtalanene med 14 fagansvarlege at det er til dels *ulike* oppfatningar av kva som meir konkret er forventa. Dermed ser eg det som føremålstenleg med ei skriftleg rolleskildring, ikkje minst med tanke på framtidige, nye fagansvarlege.

¹ Etablering av «forkurset» *Problemanalyse og forskningsmetoder* kan også få tyding for spørsmålet om når fagmøta bør gjennomførast. Dette avheng mellom anna av timeplanen og innhaldet i det nye emnet. Problemstillinga vil såleis måtte følgjast opp når fleire brikker er på plass, i dialog med dei emneansvarlege.

Dei neste to sidene tar såleis sikte på å klargjere oppgåvene som følgjer med rolla som fagansvarleg tilknytt JUS399. Framstillinga bygger på informasjon frå 14 fagansvarlege, dei administrativt ansvarlege for emnet, studiedekanen, fakultetet sine nettsider og tidlegare saker i SU. Kvart punkt er supplert med utfyllande opplysningar og *ønske* frå underskrivne.

Rolla som fagansvarleg i emnet JUS399 Masteroppgåve

- **Fagmøte** – Den fagansvarlege skal halde fagmøte (45 min) to gonger i året. Fagmøtet finn stad i første del av kvart semester og er primært retta mot studentar som skal skrive masteroppgåve påfølgjande semester.
 - Det er ønskjeleg at alle fagmøta blir gjennomført i løpet av éi veke («fagveka») relativt tidleg i semesteret (primo september og primo mars). Den administrativt ansvarlege for JUS399 tar initiativet til å setje tidspunkt for kvart møte i god tid før kvar fagveke.
 - Fagmøtet skal ikkje handle om det å velje problemstilling eller å skrive masteroppgåve *heilt generelt*, men vere ein arena for inspirasjon og rekruttering til fagområdet. Det nærmare innhaldet vil naturleg variere frå gruppe til gruppe, men *moglege* innslag (så langt dei passar) kan vere:
 - Særleg interessante eller aktuelle tema/problemområde (ikkje ferdig formulerte problemstillingar).
 - *Døme* på veleigna vs. ueigna problemstillingar (typisk «tilstrekkeleg avgrensa og presis» vs. «for omfattande og upresis»).
 - Metodiske særtrekk og utfordringar (t.d. knytt til rettskjeldebiletet).
 - Særtrekk knytt til korleis kunstig intelligens kan/ikkje kan brukast.
 - Særeigne etiske spørsmål som kan reise seg.
 - Moglegheiter for skrivestipend og/eller skriveplass innan fagfeltet.
 - Forskargruppeaktivitet som involverer masterstudentar i den aktuelle faggruppa.
 - Karrieremoglegheiter med masteroppgåve innan den aktuelle fagområdet.
 - Spørsmål frå studentane.
- **Vedlikehald av faggruppe-presentasjonen på Mitt UiB** – Det ligg ein presentasjon av kvart fagområde (faggruppene) i «emnet» *Det juridiske fakultet* på Mitt UiB, under modulen *Masteroppgave* og sida *Faggrupper* (tidl. *Emnebank for masteroppgaver*). Den fagansvarlege har ansvaret for å skrive og, i den grad det er naturleg, vedlikehalde denne presentasjonen.
 - Faggruppe-presentasjonen erstattar den tidlegare emnebanken. Presentasjonen bør få fram breidda i faggruppa og peike ut særleg interessante eller aktuelle tema/problemområde, men bør helst ikkje innehalde ferdig formulerte problemstillingar som er «klar for bruk» i ei masteroppgåve. Ein meir oversynsprega presentasjon vil også innebære at vedlikehaldsbehovet blir redusert. Det er likevel opp til den fagansvarlege å vurdere kva som skal formidlast her, og det kan variere frå gruppe til gruppe kva som er føremålstenleg å inkludere.
- **Individuell rettleiing av studentar** – Det er forventa at den fagansvarlege i *ei viss* utstrekning følgjer opp studentar som er interesserte i å skrive innan fagområdet, typisk ved å gi innspel

til avgrensing eller tilskjering av eit tema som studenten allereie har tenkt ein del på. Det er *ikkje* forventa at den fagansvarlege skal tilby individuell rettleiing til studentar som ikkje allereie er godt i gong med eigen tankeprosess. Det er heller ikkje forventa at den fagansvarlege skal gjengi informasjon som blei formidla på fagmøtet, til studentar som ikkje deltok.

- Den fagansvarlege avgjer sjølv korleis han eller ho vil organisere slik individuell rettleiing. Det er til dømes mogleg å formidle til studentane at e-postar med spørsmål om val av tema/problemstilling, blir svara på i løpet av bestemte dagar eller veker i året. Likeins er det mogleg å be om at studenten ringer, om ein føretrekk munnleg dialog. I utgangspunktet kan studentar ikkje krevje tilrettelegging for fjernstudium. Det er såleis også mogleg å formidle ei «treffetid» på fakultetet til tidspunkt som er fastsett av den fagansvarlege. Ein må samtidig ta omsyn til at studentar som er på utveksling før skrivesemesteret, vil ha ei rimeleg forventning om å kunne nå den fagansvarlege utan å vere fysisk til stades i Bergen. Dersom ein rettleiar ønskjer å operere med faste dagar eller veker der ein samlar oppfølginga av interesserte studentar, bør desse tilpassast fristen for påmelding med prosjektskisse (15. mai og 15. oktober) og fristen for innlevering av prosjektnotat (torsdag i veke 3 og torsdag i veke 34).
- **Tildeling av rettleiar** – Etter at påmeldingsfristen har gått ut, mottar den fagansvarlege e-post frå den administrativt ansvarlege, med ei liste over påmeldte studentar og problemstillingar i si faggruppe. Den fagansvarlege skal bidra i arbeidet med til å skaffe rettleiar til alle studentane, og skal i den samanhengen gi førsteval til stipendiatar ved fakultetet. Dersom studenten har gjort førehandsavtale med ein bestemt rettleiar, skal den fagansvarlege vurdere om vedkomande kan oppnemnast som rettleiar for den aktuelle oppgåva. Dersom den fagansvarlege ikkje lykkast med å skaffe rettleiar til alle oppgåvene, kan dei resterande overlatast til administrasjonen. Den fagansvarlege inngår avtale om rettleiing direkte med interne rettleiarar, og er oppfordra til å *føreslå* eksterne rettleiarar etter behov. Liste over korleis oppgåvene er fordelt mellom interne rettleiarane, og eventuelle forslag til eksterne rettleiarar, skal returnerast til den administrativt ansvarlege innan ein fastsett frist.
- **Sensur** – Det er forventa at den fagansvarlege i ei viss utstrekning bidrar i arbeidet med å skaffe sensorar til masteroppgåver som krev ein særskilt kompetanse hos sensor. Den fagansvarlege blir derfor beden om å melde ifrå til den administrativt ansvarlege dersom det er slike oppgåver i faggruppa. I ein slik situasjon er den fagansvarlege også oppfordra til å føreslå personar som kan få tilbod om sensuoppdraget. Tilbakemelding om ovanståande skal sendast til den administrativt ansvarlege innan ein fastsett frist.
- **Samhandling med JUS399** – Det er forventa at den fagansvarlege har kjennskap til forhold ved masteroppgåveemnet som er relevant for rolla som fagansvarleg.
 - Dette inkluderer læringsmål og hovudtrekka i undervisningsopplegget, planar for gjennomføring av «fagveka», og ønske frå den emneansvarlege knytt til faggruppepresentasjonen på Mitt UiB og innhaldet i fagmøta.
- **Dialog med forskargruppe(r)** – Det er ikkje forventa at den fagansvarlege skal ta ansvar for å inkludere masterstudentar i aktivitetar som er i regi av forskargruppe(r).
 - Det er ønskjeleg at den fagansvarlege har ein dialog med relevant(e) forskargruppeleiar(ar) dersom forskargruppa ønskjer å inkludere masterstudentar, typisk ved å invitere masterstudentar i gruppa til eitt eller fleire passande forskargruppearrangement i løpet av året. Det er også ønskjeleg at fagansvarlege som er tilsett i 100% stilling ved fakultetet, i rimeleg utstrekning deltar i forskargruppeaktivitet.